

NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET

[postmottak@nfd.dep.no](mailto:postmottak@nfd.dep.no)

kopi: [cgl@nfd.dep.no](mailto:cgl@nfd.dep.no)

Oslo, 29. april 2020

Dok.ref: -3032937.1

Saksansvarleg advokat: Tore Fjørtoft

## HØYRING – FORSLAG TIL MELLOMBELS LOV OM UNNTAK FRÅ KRAV TIL FYSISK MØTE MV. I FORETAKSLOVGIVINGA (TILTAK FOR Å BØTE PÅ KONSEKVENSAANE AV COVID-19)

### 1. INNLEIING – OVERORDNA SYNSPUNKT

Vi viser til Nærings- og fiskeridepartementets høyringsbrev av 27. april 2020 med vedlagt høyringsnotat.

Advokatfirmaet Schjødt støttar forslaget om ei mellombels lov om unntak frå krav til fysisk møte mv. i foretakslovgivinga. Dersom koronalova ikkje skulle bli forlenga ut over 27. mai 2020, vil det vere behov for at møte skal kunne haldast utan personleg frammøte også etter den tid. Vi ser det som ein fordel at det blir gitt ei sams lov for fleire foretaksformer i staden for at dei blir gitt ei rekke mellombelse lover eller forskrifter for kvar foretaksform. Lovteknisk vil det likevel vere ein fordel om det blir gitt sams reglar for dei aktuelle foretaksformene framfor at det – som i framlegget – blir gitt omtrent likelydande reglar i fleire kapittel av lova. Vidare bør det enkelte stader gå klarare fram av lovteksten kva reglar i foretakslovgivinga ein tek sikte på å gjere unntak frå, særleg når det er tale om å gripe inn i eksisterande rettar, jf. nærmare nedanfor.

Den mellombelse lova bør også gjelde for foreiningar. Her er det eit stort behov for å leggje til rette for å fråvike krav til fysiske møte og vedtektsfesta fristar for årsmøte og for bruk av digital signatur. Foreiningane ligg organisatorisk nært opp til samvirkeforetaka. Lovteknisk kan ein derfor fastsetje at reglane for samvirkeforetak skal gjelde tilsvarende for foreiningar så langt dei passar. Advokatfirmaet Schjødt kan ikkje sjå at behovet for mellombelse unntaksreglar er mindre for foreiningar enn for andre samanslutningar (selskap og samvirkeforetak). Tvert imot er behovet vel så stort fordi ein for foreiningane heilt manglar samanslutningsrettsleg lovgiving som på nærmare vilkår gir heimel for bruk av elektroniske løysingar mv.

Vidare bør lova gjelde for burettslag, bustadbyggjelag og eigarseksjonssameiger, som per i dag er underlagde mellombels forskrift 8. april 2020 nr. 734.

## 2. STYREMØTE MV.

Styremedlemmane og dagleg leiar har etter foretakslovgivinga rett til å krevje styrebehandling i fysisk møte. I lovforslaget er det ikkje gjort noko uttrykksleg unntak frå denne retten. I høyringsnotatet punkt 3.2 heiter det likevel at meininga er å fastsetje eit unntak. For å unngå unødig tolkingstvil, bør den mellombelse lova her innehalde eit uttrykksleg unntak frå den retten som styremedlemmar og dagleg leiar har etter den allmenne lovgivinga. Dette vil vere i samsvar med den lovtekniske løysinga i § 4 i Kommunal- og moderniseringsdepartementets mellombelse forskrift 8. april 2020 nr. 734.

Advokatfirmaet Schjødt ber departementet vurdere om det kan være grunn til å gjere unntak frå regelen om at det er styreleiaren åleine som avgjer behandlingsmåten. Omsynet til smittevern kan tilseie at fleirtalet av styremedlemmane bør ha det avgjerande ordet.

## 3. GENERALFORSAMLING OG ÅRSMØTE

Etter foretakslovgivinga har kvar deltakar ein rett til å krevje fysisk generalforsamling eller årsmøte i tilfelle der styret har foreslått forenkla behandling, t.d. ved bruk av elektroniske hjelpemiddel. Forslaget til mellombels lov fastset ikkje unntak frå desse reglane, men ifølgje særmerknadene skal det visstnok gjelde eit slikt unntak. Etter vårt syn bør ikkje den enkelte deltakar kunne krevje fysisk møte dersom ein annan behandlingsmåte vil vere nødvendig og forsvarleg. Det bør derfor gå klart fram av lovteksten at deltakarane ikkje kan krevje fysisk møte dersom styret har kome til at det er nødvendig og forsvarleg å gjennomføre generalforsamling eller årsmøte utan personleg frammøte.

Dei sentrale vilkåra for å gjennomføre generalforsamling og årsmøte utan personleg frammøte er "nødvendig", "forsvarleg" og "betryggende". Dette er skjønsmessige uttrykk, og vi legg til grunn at meininga er å gi styret ein viss handlefridom. Uttrykket "betryggende måte" er nærmare presisert i forarbeida til aksjelovene, og skal – etter det vi forstår – ha same innhald i den mellombelse lova.

I særmerknaden til lovforslaget § 2-3 uttaler departementet:

*"Hensynet til eierdemokrati tilsier at det normalt ikke er forsvarlig med utelukkende skriftlig saksbehandling av saker som skal behandles av generalforsamlingen."*

Etter vårt syn må dette vurderast konkret. Svært mange aksjeselskap har berre éin eller yttarst få aksjeeigarar. I slike tilfelle kan reint skriftleg saksbehandling etter omstenda vere fullt forsvarleg. Dersom det er større aksjespreiing, er vi samde i at reint skriftleg behandling normalt ikkje vil vere forsvarleg, særleg dersom generalforsamlinga skal behandle kontroversielle saker. Det sentrale er at det blir lagt til rette for meningsutveksling før stemmegivinga. Dersom det er svært mange aksjeeigarar, kan situasjonane dessutan vere at heller ikkje bruk av enkle elektroniske løysingar (telefon, videokonferanse mv.) vil vere forsvarleg.

I den same særmerknaden heiter det vidare:

*"Elektroniske løsninger må være allment tilgjengelig for aksjeeierne."*

Etter det vi forstår, må løysingane kunne lastast ned, kjøpast for ein rimeleg penge eller på annan måte lett kunne skaffast av aksjonæranne (typisk Micorosft Teams, Skype for Business og Zoom). Selskapa bør likevel kunne ha ein viss fleksibilitet til å velje løysingar som ikkje er allment tilgjengelege for aksjeeigarane dersom styret syter for at aksjeeigarane får tilgang til det aktuelle hjelpemidlet. Det bør derfor ikkje stillast krav om at den aktuelle løysinga er allment tilgjengeleg så lenge styret gjer det som trengst for at aksjeeigarane skal kunne ta ho i bruk utan nemnande kostnad for aksjeeigarane.

Vidare uttaler departementet same stad:

*"I innkallingen til generalforsamlingen skal fremgangsmåten for å delta og stemme angis, se tilsvarende krav i aksjeloven og allmennaksjeloven § 5-10 fjerde ledd."*

Dette kravet er ikkje reflektert i forslaget til lovtekst. Etter vårt syn har kravet gode grunnar for seg. Det er derfor viktig at det blir tatt inn i lovforslaget.

#### 4. UNDERTEIKNING AV MØTEPROTOKOLLAR

Advokatfirmaet Schjødt støttar forslaget om å opne for at styreprotokollar, årsmøteprotokollar og protokollar frå selskapsmøte skal kunne underteiknast elektronisk. Departementet si grunngeving er at det i den "nåværende situasjon" er behov for slike reglar.

Stortinget har meint at det er eit permanent behov for slike reglar i aksjelovene. Vi kan ikkje sjå at andre foretaksformer står i ei anna stilling; behovet for permanente reglar om digital signatur er det same. Departementet bør derfor nytte høvet til å gjere framlegg om permanente lovendringar på dette punktet. Erfaringane frå aksjeselskapsforhold er gode, og det er ikkje skilnader mellom foretaksformene som tilseier at det på dette punktet bør vere forskjellige regulering.

#### 5. VEDTEKTSFESTA FRIST FOR Å HALDE VANLEG ÅRSMØTE/GENERALFORSAMLING

Advokatfirmaet Schjødt støttar forslaget om å gjere unntak frå fristar for å halde vanleg årsmøte/generalforsamling som er fastsette i vedtektene. Det er ein fordel at dette blir uttrykkjeleg fastsett i lova sjølv om ein etter omstenda vil kunne kome til same resultat gjennom vedtektstolking.

Vedtektsføresegner av denne typen er vanlegast i vedtekter for samvirkeforetak og foreiningar. Mellom anna av den grunn er det viktig at lovforslaget blir utvida til også å gjelde for foreiningane.

Vennleg helsing

ADVOKATFIRMAET SCHJØDT AS



Tore Fjørtoft  
Partner PhD  
TORE.FJORTOFT@SCHJODT.COM